

HEIM



stordnytt.no

Nausttufta til eit vikingskip

Kort sagt — 04 september 2017

Onsdag komande blir det eit todelt møte med vikingtida på Rommetveit (frå klokke 1730 til 1930). Ved nausttufta nedom lærarskulehagen vil born i Villvettene barnehage og elev ved Rommetveit stå for velkomsten. Atle Bjørn Mæhle frå Stord Sogelag vil orientera om prosjektet og elevar ved skulen vil fortelja om nausttufta som er blitt eit merke kulturminne.

Kl 1815 bli det samling i gymsalen på Rommetveit skule der lærar Øyvind Nordlie fortel om det pedagogiske opplegget, medan elevar frå skulen syner filmar dei har laga om vikingtida med utgangspunkt i nausttufta.

ANDRE NYHENDE



Alle tiders leirskuleveke på Gullingen
september 08, 2017

Saknar vegljøset i Øvre Sæ
september 08, 2017

Ingen fornminne funne
september 08, 2017

Fire røystelokale måndag
september 07, 2017



Ut av dokken
september 07, 2017

Kyrkjehelg
september 07, 2017



Start for ettermiddagstreffa
september 06, 2017

Ingen utslag
september 06, 2017



Kvakk litt...
september 06, 2017

Teine på sluk
september 06, 2017



Første Bok & Bolle i haust!
september 05, 2017

Sesongstart – viseklubb for store og små
september 05, 2017

Val på Stord Vidaregåande
september 05, 2017

Ber seg friteken i NMK
september 05, 2017

Ny gruppeleiar i Stord Ap
september 04, 2017

LEGG TIL ARRANGEMENT +



Fre 08 S

Leseefe:
Stord folk
ARRANGØF
Stord fol


Fre 08 S

Leseefe:
Stord folk
ARRANGØF
Stord fol


Lau 09 S

Bok & I
Stord folk
ARRANGØF
Stord fol

Sjå fleire lokale arrangement

(0) READERS COMMENTS

Comments are closed.

Vegstenging fv. 544

Fv. 544 må stengast frå 11. september–16. september i forbindelse med vegarbeidet som pågår i Skrivervegen. Omkjøring via E39.



Statens vegvesen
vegvesen.no

KORT SAGT

Alle tiders leirskuleveke på Gullingen



Eit populært innslag i skuleåret for sjuandeklassingane i Stord skulen, er veka dei er på leirskuleopphald på Gullingen i Ryfylke. Mykje natur og uteliv kvar dag, med både fiske og tur og bekekvandring/vassing.

Eit kostnadsfritt tilbod for alle elevar. Veka som no går til enda har 7.-klassingane ved Leirvik skule vore på Gullingen og skulen sjølv har lagt ut ein livleg biletserie på facebook frå opphaldet. Så alle tiders ser det ut til å ha vore, at stordnytt.no innhenta eit «ja, ver så god» frå Rektor Bongom til å spreia den gode opplevinga vidare. Biletserien finn du her.

Saknar vegljuset i Øvre Sæ

Etter at arbeida med Skrivervegen tok til før ferien har vegljuset på Fv 544 i Øvre Sæ vore ute av drift, melder ein oppsittjar. – I dei lyse sommarmånadene har det ikkje vore noko problem, men no når det vert mørkare vert det meir riskabelt å vera gåande. Særleg med omsyn til dei mange skuleborn som ferdast der og mellom anna kyssar fotgjengarovergang utan ljós.

Og med desse ord blir det retta instendig bøn til «rette instans» om å få lys i armaturen i Øvre Sæ, snarast.

Ingen fornminne funne

Det kan byggjast nytt aktivitetssenter på Sæbø gard, på tomte der sommarhuset står. Endeleg formell klarering kom nyleg frp Fylkeskommunen som etter synfaring kan melda : – Me i dag ikkje har kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å

unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk
som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Fire røystelokale måndag

I kunngjeringane kring Stortingsvalet komande måndag, 11. september, minner valstyret i Stord om at det sidan forrige val er gjort endringar for krinsar og røystelokale. Langeland krins er slått saman med Leirvik og Kulturhuset er felles røystestad. Litlabø er slått saman med Sagvåg krins, med Nysæter U-skule som felles røystelokale. Rommetveit er slått saman med Hystad med Prestagardsskogen fleirbrukshall som felles røystestad. Opningstid for alle desse er frå 0900 til 2100. På Huglo blir det røyting i skulen mellom 1500 og 1900.

Siste frist for førehandsrøysting er på Kundetorget i Rådhuset fram til klokka 1800 fredag 8. september.

Ut av dokken



På Kværner Stord, Kjøtteinen, har det siste dagane vore hektisk førebuing til flytting av Njord-plattformen ut av dokken. Planen er å flytta i løpet av fredag 8. september, ein dag naturkreftene i form av ekstra høg flo kan vera ein god medhjelpar i prosessen. Njord, som under opphaldet i dokken har fått ekstra flytarar påmonterte, skal leggjast ved utrustingskaia for vidare oppgradering.

Kyrkjehelg

Stord kyrkje:

Søndag 10. september kl. 11.00: Gudsteneste
v/prostiprest Larsen, kantor Furdal og kyrkjelydspedagog Stautland. Konfirmantpresentasjon. Søndagsskule under preika. Takkoffer til søndagsskulearbeidet i kyrkja. Kyrkjekaffi.

Foreldremøte for konfirmentane etter gudstenesta.

Nysæter kyrkje:

Søndag 10. september kl. 11.00: Familiegudsteneste
v/prost Theodorsen, organist Eide og kyrkjelydspedagog Matre. Takkoffer til søndagsskulen i Nysæter. Kyrkjekaffi. Kyrkjeskyss: 906 15 971

ARKIV

Arkiv Vel månad

STORDNYTT.NO

Journalist:
Steinar Hystad
steinar@stordnytt.no
950 31 154

KONTAKT OSS


Om du har tips til redaksjonen eller om du ynskjer å annonsera, ta kontakt med oss på ein av desse e-post-adressene:

nettnytt@stordnytt.no

annonser@stordnytt.no



stordnytt.no
5,3 tusen likar



Lik denne sida

44 vener likar dette










Start for ettermiddagstreffa




Det haustast så smått og det høvande tid for å gå i gang med sosiale hyggje- og samlingsstunder. Akkurat det er det Venelaget for Hagerupshuset inviterer til første torsdag i kvar måned framover, med start 7. september (kl 1800). Allsong, gode stubbar, gode kaker og kaffi og loddosal på programmet. Fritt tilgjenge og alle velkomne. Har du ikkje vore i dei trivelege stovene i Hagerupshuset tidlegare, er det på tida å ta turen.

Ingen utslag

Frå kl 1130 til kl 1200 i dag, onsdag, hadde UP promillekontroll på E-39 – Heiane. 52 kjøretøy kontrollerte, ingen utslag på alkometeret.

Kvakk litt...



Stordabuen på veg inn i daglegvarehandel på sørlege breiddegrader kvakk aldri så lite då han såg dette skiltet, og lurte på om desse rusgreiene var noko å skriva om med store bokstavar. Heldigvis viste det seg å vera svært så uskuldig informasjon. Berre ei melding om at ein i reolen under skiltet ville finna norske og russiske aviser ...

Teine på sluk

I serien av gode – men likevel sanne – fiskesoger, stoggar me i dag i færvatnet nordom Huglo. Litt tidlegare i sommar trudde naturleg nok ein tysk fisketurist at han hadde fått skikkelege godsaker på sluken, på helst grunt vatn.

Nappinga var så som så, men det virka som om fangsten likevel hadde sett seg god fast og stonga bøygde seg slik ein storfiskar vonar ho stundom skal gjera. Det blei både undring og smil i båten då ei teine på 6-7 kilo av det moderne slaget (med punktert blåse) braut vass-skorpa. Og slik kom den sakna teina attende til sin rettmessige eigar.